



## Kommunesammenslåing Sandnes og Forsand - Fellesnemnda møte nr. 4 - 2017, den 07.12.2017.

### Protokoll

Stad: Sandnes

Kl. 1500 - 1530

<b>Til stades:</b>	<p><b>Forsand:</b> Nestleiar Bjarte Sveinsvoll Dagestad (ordfører H), Reidar Thu (Samlingslista), Udda Katrin Kjærvoll (Bygdalista), Ole Tom Guse (Krf).</p> <p><b>Sandnes:</b> Leiar Stanley Wirak (ordfører Ap), Thor Magne Seland (H), Annelin Tangen (Ap), Tore Andreas Haaland (Frp), Sofie Margrethe Selvikvåg (Sp), Oddny Helen Turøy (Krf), Pål Morten Borgli (varaordfører Frp).</p> <p>Prosjektleder: Therese Hauger</p>
<b>Forfall:</b>	Tore Hans Mikkelsen (Sp) hadde meldt forfall. Ingen vararepresentant.
<b>I tillegg var til stades:</b>	<p>Rådmennene: Søren Jensen og Bodil Sivertsen.</p> <p>Frå administrasjon: seniorrådgjevar Sidsel Haugen, kommuneadvokat Rune Kanne, organisasjonsdirektør Hilde Lofthus.</p>

<b>FN 27/17</b>	<p>Leiar Stanley Wirak ønskte velkomen.</p> <p><b>Innkalling og sakliste.</b> <b>Protokoll fra førre møte i Fellesnemnda den 16.11.2017.</b></p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Innkalling, sakliste og protokoll frå møte den 16.11.2017 vart godkjent.</p>
<b>FN 28/17</b>	<p><b>NYHETSRUNDE – politiske og administrative oppdateringar</b></p> <p>Nestleiar Dagestad orienterte om at det i Forsand er kome opp spørsmål om utskifting av medlemmer i Fellesnemnda. Eventuell søknad om fritak må fremjast for eige kommunestyre. Nytt medlem må veljast om søknad om fritak blir innvilga.</p> <p>Sak om revisor til Fellesnemnda er handsama i kommunestyret i Forsand.</p> <p>Prosjektleder Therese Hauger orienterte om at all relevant informasjon kring kommunesamanslåinga (møtereferat, nøkkeldokument, aktivitetar og oppdateringar) er å finna på nettstaden <a href="http://www.nyesandnes.no">www.nyesandnes.no</a></p>

	<p>Annelin Tangen (Ap) fremja spørsmål om trong for politiske vararepresentantar til Temagruppene. Ho ba vidare om at referat frå møta i Temagruppene vert oversendt FN til orientering.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Saka vart tatt til orientering.</p>
<b>FN 29/17</b>	<p><b>Økonomirapport pr 31.10.2017 Nye Sandnes.</b></p> <p>Prosjektlear Therese Hauger la fram økonomirapport.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Økonomirapport pr 31.10.2017 vart godkjent.</p>
<b>FN 30/17</b>	<p><b>BUDSJETT 2018 Nye Sandnes</b></p> <p>Prosjektlear la fram forslag til budsjett for 2018. Budsjettet vil bli revidert etter 1. tertial i 2018.</p> <p>I denne saka vurderte Fellesnemnda at nestleiar Bjarte Dagestad var ugild ved behandling av spørsmål om tildeling til Kirkelig fellesnemnd (art 1470) (note 10) i budsjettforslaget. Dette grunna at han er oppnemnt som FNs representant i Kirkelig fellesnemnd i prosjektperioden. Kirkelig fellesnemnd har i eigen søknad søkt om støtte gjennom Fellesnemnda sitt budsjett for 2018. Dagestad tok ikkje del i Fellesnemnda si drøfting av habilitet, og han var også fråverande då Fellesnemnda vurderte budsjettildeling til Kirkelig fellesnemnd for 2018. Kommuneadvokat i Sandnes hadde lagt fram eigen uttale i habilitetsspørsmålet. Fellesnemnda drøfta om oppsett tilskot til Kirkelig fellesnemnd var underbudsjettet, jf framlagt søknad frå Kirkelig fellesnemnd. Leiar la fram forslag om auke til 500 000,- for 2018.</p> <p>Spørsmål frå Thor Magne Seland (H) om politiske lokallag kan søkja om støtte i samband med spesielle kostnader kring kommunesamanslåing. Fellesnemnda vil sjekka ut om slike formål inngår i departementet sine intensjonar med tilskotet til kommunane. FN vil koma attende med klargjerande svar seinare.</p> <p>Sonja Smith (Delta, Sandnes kommune) fekk forklaring på disponering av midlar avsett til kompetansehevande tiltak.</p> <p>Likeeins fekk Annelin Tangen (Ap) svar på kva som inngår som underlag for disponering Prosjektmidla temagruppe 1 og 2 (art 1270).</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Som innstilling frå PSU:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Forslag om auke av tilskot til Kirkelig fellesnemnd frå 300 000, - til 500 000, - kr (art 1470) vart einstemmig vedtatt. Nestleiar Dagestad var fråverande ved avstemming.</li> <li>2) Med endring (auke i budsjetttramme på 200 000,-) vart budsjettet godkjent.</li> </ol>

<b>FN 31/17</b>	<p><b>Eigarskap i Rogaland Brann og redning (RBR) IKS</b></p> <p>Seniorrådgjevar Sidsel Haugen orienterte om at Strand og Hjelmeland har søkt om å gå inn i RBR frå 01.01.19 og at også Forsand kan bli inkorporert i RBR frå same dato. Dette under føresetnad om at Forsand kommunestyre søker. RBR vil ev måtte skaffa seg oversikt over gjeldande avtalar og aktiva i Forsand brannvesen. Ei eventuell innpassing vil bli regulert gjennom AML kap 16 og dei reglane som gjeld for verksemdsoverdraging. Vurdering av eigarbrøk vil bli gjort på same måte som for dei andre kommunane i RBR.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Saka vart tatt til orientering.</p>
<b>FN 32/17</b>	<p><b>Rundskriv om målvedtak etter mållova i samband med kommune – og fylkessamanslåingar</b></p> <p>Prosjektleder Therese Hauger orienterte om at saka kjem til handsaming i det nye bystyret.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Saka vart tatt til orientering.</p>
<b>FN 33/17</b>	<p><b>SAK TIL FORSAND KOMMUNESTYRE OG SANDNES BYSTYRE – MYNDE TIL TILSETTING AV RÅDMANN FELLESNEMNDA</b></p> <p>Leiar Wirak og seniorrådgjevar Sidsel Haugen orienterte. Dei viste til vedtatt reglement for Fellesnemnda, i Sandnes vedtatt i bystyret 29.05.2017 (sak 81/17).</p> <p>For tilsetting av ny rådmann for den nye kommunen (gjeldande frå 01.01.2020) må kvar enkelt kommune – og bystyre delegera tilsettingsmynde til Fellesnemnda.</p> <p style="text-align: center;"><b>VEDTAK:</b></p> <p>Saka vart tatt til orientering.</p>

Sandnes, den 08.12.2017

Forsand, den 08.12.2017

Stanley Wirak  
Leiar Fellesnemnda

Bjarte Sveinsvoll Dagestad  
Nestleder Fellesnemnda

Protokollfører:  
Tore Gunnar Sandve  
Rådgjevar